

Vedtekter for SOGNDAL BÅTLAG

Vedtektene vart vedtekne på medlemsmøtet 11. juni 1976
og er reviderte på årsmøta i 1978, 1980, 1985, 1989, 2006, 2010, 2015, 2018 og
2024.

§1. Laget sitt namn, stad og logo

Laget har namnet Sogndal Båtlag, er skipa 4. mars 1976 og har sete i Sogndal kommune.

Laget sin logo:

**§2. Føremål**

1. Sogndal Båtlag er eit allmenntilgjengelig, ikkje-kommersielt lag. Føremålet med laget er å fremja og ta vare på medlemmane sine interesser når det gjeld bruk av småbåtar.
2. Laget skal dessutan
 - a. Bidra til å gje medlemmer, lokalbefolkning og andre tilgang til sjøen og høve til å nytta eit aktivt båtliv.
 - b. Arbeida for ei god, sikker og brukande hamn for fritidsbåtar.
 - c. Jobba for framvekst av fritidsbåtlivet som rekreasjon og kystkultur.
 - d. Skapa eit godt og aktivt maritimt miljø for medlemmer og gjestar.
 - e. Samarbeida med andre private organisasjonar og offentlege myndigheiter for å fremja båtlivet og båtfolket sine interesser.

§3. Medlemskap

1. Laget er ope for alle båtinteresserte. Søknad om opptaking i laget må sendast skriftleg til styret. I søknaden må takast med: Namn, adresse, telefon, epostadresse, båttype og -storleik. Medlemskap gjev normalt rett til båt plass. For å kunne leige båt plass, må du vere medlem og betale medlemskontingent.
2. Utmelding må sendast skriftleg til styret.
3. Medlemspengar og moglege avgifter vert fastsett av vanleg årsmøte kvart år.

§4. Medlemne sine plikter

1. Medlemne pliktar å retta seg etter laget og styresmaktene sine føresegner. Dei må sjå til at båtar og eignelutar som høyrer til laget sine medlemmar ikkje vert utsette for skade.
2. Det må ystast vederlag for materiell som vert øydelagd eller bortkasta. Etter bruk må materiellet leggjast attende på tilvist plass.
3. Klubbhuset kan disponerast av alle medlemmane, på same vilkår som for resten av anlegget. Det er høve til å låna lokala til private arrangement i regi av einskildmedlemmer. Slike arrangement må godkjennast av styret. Arrangør forpliktar seg til å sørgje for at arrangementet går roleg føre seg og står ansvarleg for eventuell skade eller uhell som likevel måtte kunne oppstå.
4. Det er som utgangspunkt forbode å drive forretningsverksemd frå båtlaget sin eigedom. Styret kan likevel godkjenne mindre og ikkje-permanente tiltak, der tiltaket gagnar båtlaget sitt føremål.
5. Alle medlemmar pliktar å gjera minst 4 timar dugnadsarbeid per år etter ordre frå hamnesjefen. Dersom styret finn det turvande, kan timetalet setjast til meir enn

4 timar per år. Dei som ynskjer å verta fritekne for dugnadsarbeid, må betala den avgifta som til ei kvar tid er fastsett av årsmøtet.

6. Utsetjing og ilandsetjing av båtar og brygger kjem i tillegg til dugnadsplikta.
7. Medlemene har plikt til å ta imot dei tillitsverv dei vert valde til. Ein kvar kan nekta attval for like lang tid som han har sete i tillitsvervet.

§5. Suspensjon

1. Medlemar som ikkje rettar seg etter styret sine lovlege påbod, har restansar for meir enn inneverande år, eller på grunn av dårleg åtferd kan skade andre medlemmar eller laget, kan suspenderast av styret med verknad frå den tid vedtaket om suspensjon er gjort.
2. Vedkomande medlem kan anka vedtaket inn for førstkomande årsmøte.

§6. Båtplassar

1. Tildeling og utleige/framleige av båtplassar er styret sitt ansvar og skal skje etter ansiennitet. Kvar medlem kan berre tildelast ein båtplass. Personleg framleige er forbode. Dersom båtlaget har kaiplassar det ikkje er kjøparar til, vil desse bli prioritert ved utleige. Medlemar som ikkje vil bruke båtplassen sin i ein periode, skal informera hamnesjef, seinast ved sjøsetjing, slik at båtplassen kan leigast ut til båteigarar som ynskjer å leige båtplass.
2. Medlem med båtplass betalar full medlemskontingent og er ansvarleg for at dugnadsplikta blir oppfylt, inkludert utsetjing og ilandsetjing av båtar og brygger.
3. Medlemskap/båtplass kan overførast til søsken eller til slekt i rett opp- eller nedstigande line. All anna overføring skjer til båtlaget. Årsmøtet kan dispensera frå dette.
4. Ved utmelding får medlem med båtplass refundert innbetalt depositum. Utbetaling skjer når den økonomiske stoda i laget tillèt det - og utan rentegodtgjersle.

§7. Årsmøte

1. Årsmøtet er laget si høgste styremakt. Det vanlege årsmøtet vert halde kvart år i februar/mars, og vert innkalla av styret med 14 dagar frist. Sakspapira skal vere tilgjengelege for medlemene seinast ei veke før årsmøtet.
2. Årsmøtet skal handsama:
 - a. Godkjenning av innkalling og sakliste
 - b. Val av møteiar og referent
 - c. Val av 2 medlemmar til å skrive under årsmøteprotokollen
 - d. Årsmelding for føregåande år
 - e. Revidert rekneskap pr 31.12 føregåande år med revisormelding
 - f. Val av 6 faste medlemmar og 1 varamedlem til styret for 2 år. Dette må organiserast slik at halvparten av dei faste styremedlemene er på val kvart år. Skulle det oppstå skeivfordeling, kan ein eller fleire styremedlemar veljast for 1 år
 - g. Val av 1 revisor og 1 vararevisor for 2 år
 - h. Val av 3 medlemmar til valnemnda for 2 år

- i. Innkomne framlegg
 - j. Medlemskontingent, avgifter og budsjett
3. Eit lovleg samankalla årsmøte er vedtaksført med dei medleamar som er til stades. Det kan ikkje røystast med fullmakt.
4. Val til styre, revisorar og valnemnd vert føreteke for 1 medlem om gongen.
5. Eit val er avgjort med eit fleirtal av dei jamne røystene. Dersom ingen får fleirtal ved første gongs røysting, vert det røysta på nytt mellom dei to som hadde flest røyster. Får begge same røystetal, vert valet avgjort ved lutdraging.

§8. Ekstraordinært årsmøte

1. Ekstraordinært årsmøte skal innkallast, med minst 8 dagars varsel, når styret meiner det er naudsynt eller når minst 1/5 av medlemmene krev det.

§9. Vedtektene og endringar

1. Sogndal Båtlag sine vedtekter skal haldast oppdaterte, slik at dei til ei kvar tid er formålstenlege. Endringar kan berre gjerast på ordinært årsmøte med minst 2/3 fleirtal. Framlegg til endringar må leverast inn til styret seinast 14 dagar før årsmøtet.

§10. Styret

1. Styret skal følgje opp og setje i verk vedtak gjort på årsmøtet og er samla ansvarleg for den daglege drifta av båtlaget.
2. Styret har 6 faste medleamar og er sett saman slik: Leiar, nestleiar, hamnesjef 1, hamnesjef 2, kasserar og skrivar. I tillegg er det 1 varamedlem til styret.
3. Ansvar og fordeling av oppgåver i styret er formulert i eige vedlegg.
4. Varamedlem har møterett, men ikkje møteplikt til styremøta, med mindre ein eller fleire av dei faste medlemmane ikkje kan møte.
5. Styremøte vert halde når leiar finn det naudsynt, eller når minst 2 av styremedlemmane krev det.
6. Eit lovleg innkalla styremøte er vedtaksført med minst fire styremedlemmer til stades, når ein av dei fire anten er leiar eller nestleiar.
7. Vedtakssaker blir avgjort med simpelt fleirtal. Ved røystelikkskap har leiar eller nestleiar dobbelstemme. Styremedlem som ikkje kan møta, må sørgja for at varamedlem blir kalla inn.

§12. Oppløysing

1. Laget kan oppløysast når det er 2/3 fleirtal for oppløysing på årsmøtet. Ved ei mogleg oppløysning skal det skipast eit avviklingsstyre.
2. Ved ei oppløysing vil laget sine eignelutar tilfalla Redningsselskapet.